

Til: NN

Ikkje offentleg, jf. offentleglova § 13, jf.
forvaltningslova § 13

Invitasjon til å delta i spørjeundersøking – Erfaringar ved utskriving frå og mottak i kommune

Fylkesmannen skal føre tilsyn med kommune og med den 2015. Vi skal undersøkje korleis sjukehuset og kommunen samarbeider ved utskriving av pasientar som treng hjelp frå kommunen etter utskriving.

Som del av tilsynet inviterer vi pasientar som er skrivne ut frå sjukehuset og treng kommunale helse- og omsorgstenester etter utskrivinga til å delta i ei spørjeundersøking. Vi ønskjer opplysningar om korleis pasientane blei informert og fekk medverke ved utskriving frå sjukehuset og ved mottak i kommunen.

Ved tilsynet vil vi også innhente informasjon frå fastlegar, og vi vil snakke med leiarar og tilsette i kommunen og i sjukehuset for å få informasjon om korleis kommunen og sjukehuset samhandlar.

Fylkesmannen har mynde til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenestene og har teieplikt.

Vi har innhenta opplysningar frå om at du ganske nyleg blei utskriven frå sjukehuset og at du hadde behov for helse- og omsorgstenester frå kommunen. Før vi gjennomfører tilsynet med kommunen og sjukehuset, ønskjer vi å høyre korleis du opplevde utskrivinga. Difor inviterer vi deg til å svare på spørsmåla i vedlagte skjema.

Opplysningane frå deg og dei andre pasientane blir anonymiserte og oppsummerte. Oppsummeringa blir gjennomgått samla i vår dialog med kommunen og sjukehuset.

Vi vonar du vil ta deg tid til å svare, slik at vi får god kjennskap til erfaringane dine. Du må gjerne få hjelp av dine pårørande til å svare. Det er det du sjølv som avgjer.

Vi ber om at du fyller ut og sender vedlagte spørjeskjema til oss innan **innan** Du kan bruke den ferdig frankerte konvolutt som er vedlagt.

Dersom du har spørsmål om tilsynet kan du ringe ass. fylkeslege Jo Kåre Herfjord, telefon 55572216 eller Anne Grete Robøle, telefon 55572231.

Vi gjer merksam på at dersom du har ønskje om eller behov for endring av dei tenestene som får, må du ta dette opp med kommunen.

Takk for hjelpa!

Med helsing

Signe Marit Stephanides
ass. fylkeslege/seksjonsleiar

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Ikkje offentleg, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13

Namn:

DINE ERFARINGAR VED UTSKRIVING FRÅ SJUKEHUS OG MOTTAK I KOMMUNEN

Spørsmål frå opphaldet på sjukehuset:

På sjukehuset	J A	N E I	IKKJE AKTUELT / VEIT IKKJE	KOMMENTAR
Fekk du munnleg informasjon om sjukdomen/skaden og kva som var gjort medan du var på sjukehuset? (for eksempel undersøkingar som er gjort, behandling du har fått)				
Fekk du med deg noko av denne informasjonen skriftleg då du blei utskriven?				
Fekk du med deg liste over kva medisinar du skulle bruke?				
Blei du informert om kven du skulle kontakte ved komplikasjonar?				
Blei du informert om korleis sjukdomen eller skaden skulle følgjast opp av sjukehuslege eller fastlege etter utskriving?				
Blei du informert om kva som skulle skje sjølve utskrivingsdagen?				
Fekk du informasjon under sjukehusopphaldet om kva hjelp du skulle få frå kommunen når du kom heim?				
Blei du teken med på råd då opplegget etter utskriving blei bestemt?				
Forsto du informasjonen dei gav deg på sjukehuset?				

Dine erfaringar er viktige for å gjere tenestene betre

Ikkje offentleg, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13

Spørsmål om den første tida etter at du kom heim:

I kommunen	JA	NEI	IKKJE AKTUELT / VEIT IKKJE	KOMMENTAR
Var du lova tenester frå kommunen når du kom heim?				
Fekk du tenestene du var lova?				
Var du lova hjelpemiddel når du kom heim?				
Var hjelpemiddelet/-midla på plass når du kom heim?				
Blei dine behov for tenester vurdert på nytt av kommunen kort tid etter at du var komen heim (første 1-2 veker)?				
Blei du då spurt om kva hjelp du sjølv meinte du hadde behov for?				
Tok kommunen ved tildeling av tenester omsyn til dine meiningar om kva hjelp du hadde behov for?				
Fekk du informasjon frå kommunen om kva hjelp du skulle få?				
Forsto du informasjonen som du fekk frå kommunen?				
Fekk du hjelp av heimesjukepleia til å kome i kontakt med fastlegen din?				